Vaksdal kommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
73/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	25.11.2020
89/2020	Kommunestyret	PS	15.12.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oliver Gravermoen	FE-223, FA-C50	18/1688

ISTANDSETJING AV VEGPARTI PÅ GRØTTÅVEGEN

Vedlegg:
Grøttåvegen - Søknad om støtte til istandsetjing av veg
Bilete frå Grøttåvegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 73/2020

FPØ - Behandling:
Ordførar orienterte om ordførar og assisterande rådmann si synfaring av vegen gjennomført i august.

Formannskap, plan- og økonomiutvalet drøfta saka og tilleggsforslaget som var lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV.

Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre vart samrøystes vedteke

FPØ - Tilråding/Vedtak:
Vaksdal kommune løyver inntil kr. 150 000 for fullfinansiering av Grøttåvegen. Finansiering av tiltaket vert å kome tilbake til i handsaming av budsjett for Vaksdal kommune 2021.

Kommunestyret - Sak 89/2020

KOM - Behandling:
Edvin Hesjedal ba om at hans habilitet vart vurdert. Kommunestyret vedtok samrøystes at han er ugild i saka i medhald av fvl § 6 punkt b), slektskap med part i saka.

Røysting:
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune løyver inntil kr. 150 000 for fullfinansiering av Grøttåvegen. Finansiering av tiltaket vert å kome tilbake til i handsaming av budsjett for Vaksdal kommune 2021.

Saksopplysningar:

Grøttåvegen er ein gangveg frå Sætre til Grøttå, rett over fjorden frå Stanghelle på den delen av Osterøy som høyrer til Vaksdal kommune. Vegen vart bygd ved pliktarbeid over ei periode på nesten 50 år på tidleg 1900-talet. Vegen er i dag *kommunalt eigd* og har ein vedlikehaldsavtale med Høgafjell Sør Grunneigarlag (HSG).

Etter eit ras i 2013 vart vegen stengt. Vaksdal kommune har seinare tatt initiativ til eit spleiselag mellom kommunane Vaksdal og Osterøy, Bergen Turlag og andre utan at det gav tilstrekkeleg midlar. Hordaland Fylkeskommune har i 2019 gitt tilsagn om kr 160 000 til rehabilitering av vegpartiet om kommunen skaffar restbeløpet. Etter ei synfaring saman med Osterøy kommune i haust er Osterøy kommune førespurt om kr 50.000. Så langt har det ikkje kome svar på førepurnaden.

Bergen Turlag har gitt lovnad om kr 30.00 og Vestland Fylkeskommune har stadfesta sitt bidrag. Vestland fylkeskommune har sett gjennomføringsfrist til februar 2022.

Grøttåvegen er ein del av kulturminneregistreringa til Vaksdal kommune og vart i kommuneplanens arealdel 2019-2031 også tatt med som omsynssone for kulturmiljø (H570_44).

Grunneigarlaget ynskjer å gjennomføre prosjektet i 2021. Før igangsetjing *utan stadfesta fullfinansiering* krev fylkeskommunen ein *garanti om ferdigstilling*. Fylgjande **budsjett** ligger til grunn:

Kostnader		**Løyvingar**	
Rensking og sikring av fjell ovanfor vegen	kr 230 000	Vaksdal kommune	kr 172 000
Arbeid med murfot, klargjering	kr 180 000	Hordaland fylkeskommune	kr 160 000
Innkjøp av stein og transport	kr 75 000	Osterøy kommune	kr 50 000
Bruk av eigne maskiner, drivstoff mm.	kr 25 000	Bergen/Hordaland Turlag	kr 30 000
Kjøp og transport av anna masse	kr 30 000	Arbeidsinnsats HSG	kr 128 000
TOTALT	kr 540 000		kr 540 000

Osterøy kommune sitt bidrag er ikkje bekrefta. Vaksdal kommune sitt bidrag er inntil kr 172.000.

Som det fremgår av budsjettet, kan grunneigarlaget bidra med ein stor dugnadsinnsats etter sikring av rasstaden og etablering av murfot ved hjelp av entreprenør. Dei har sett i gang ei «kronerulling» som kan følgjast på Facebookgruppa «Blomdalsvegen/Høgaløypet». Ekstern finansiering vil redusere kostnadane for Vaksdal kommune.

Tiltaket kan finansierast som investering og vil auka investeringsbudsjettet i 2021 om det vert vedtatt. Om det har kome avklaringar om bidrag frå Osterøy kommune og «kronerullinga» fram mot budsjettmøtet i desember vil rådmann informere om det.

Tiltaket er ikkje tatt inn i rådmann sitt framlegg til budsjett for 2021 og vert lagt fram utan tilråding.